

24. februar 2011

Høyringsfråsegn - revisjon av nynorsknorma

Styret i Litteraturselskapet vil takke for at vi har fått høve til å kome med ei høyringsfråsegn til nemnda no i sluttspurten av arbeidet. Vi vil gi nemnda skryt for det store arbeidet som er gjort på kort tid, og særleg for den svært opne og demokratiske prosessen som har vore. Dette gir eit godt grunnlag for at vi no truleg både kan få eit etter måten raskt vedtak om ny norm, og ikkje minst for å skape aksept for den nye norma når ho kjem.

Vi stiller oss positive til framlegget til ny norm. Det er gjort ei forenkling og innstramming som gjer nynorsken meir oversiktleg, samstundes som den tar vare på dynamikken i nynorsk med bakgrunn i talemålet. Forslaget gir rom for at norma skal fungere både i litteraturen og i skulen.

Erfaringar frå forlagsarbeidet tilseier at det er trong for ei etter måten stram norm for nye forfattarar og for uerfarne nynorskbrukarar. Etablerte forfattarar vil uansett ofte lage si eiga personlege norm. Når dette er sagt, er det sjølvsagt viktig for vanlege språkbrukarar å møte norma også i tekstar av dei beste forfattarane våre.

Vi hadde nok venta at framlegget totalt sett skulle gi oss ei noko strammare norm enn det som no ligg føre, men vi har ikkje konkrete framlegg til korleis det kunne vore gjort. Vi lit i grunnen på at nemnda har sett på dette også, og gjort det som rettast er. Enkeltframlegg kan lett skiple eit system, og vi vil derfor ikkje kome med det. Vi vil berre peike på dette som noko nemnda kan ta med seg inn i sluttvurderingsarbeidet sitt.

Litteraturselskapet vil vidare peike på kva anna arbeid som må gjerast når vi no får ei ny nynorsknorm. Den nye rettskrivinga skal etter planen takast i bruk frå hausten 2012. Alle som nyttar nynorsk blir påverka av den nye norma. Innføringa av ny norm er derfor eit unikt høve til å gjennomføre eit kompetanselyft for nynorsken og for brukarane av det nynorske skriftmålet.

Det er alt i dag eit klart behov for å styrke nynorskkompetansen i mange yrkesgrupper. Mangelen på kompetanse er ein viktig grunn til at nynorskbrukarar ofte ikkje får oppfylt retten til språkleg jamstelling. Med ei ny rettskriving er det fare for at endå fleire kvir seg for å skrive nynorsk, om dei ikkje får tilbod om opplæring.

Nokre yrkesgrupper er i svært sentrale posisjoner. Særleg gjeld dette to grupper:

- tilsette i utdanningsinstitusjonane (frå barnehage til høgskule- og universitetsnivå). Vi treng ei opprusting av nynorskundervisninga, både som hovudmål- og som sidemålsspråk.
- offentleg tilsette (på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå), ikkje minst tilsette i nettredaksjonar og publikumsretta tenester. Det må vidare utarbeidast opplegg for informasjon og kursing i den nye norma for offentleg sektor.

Vi vil be Språkrådet ta initiativ til ei slik satsing. Kunnskapsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet, i tillegg til Kulturdepartementet, må vere sentrale aktørar i dette arbeidet.

Ei slik kompetanseheving i nynorsk er òg i tråd med overordna språkpolitiske mål om å legge til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål, og at det offentlege skal leggje vekt på å føre eit korrekt og forståeleg språk. Det Norske Samlaget vil gjerne vere med som samarbeidspartner i dette arbeidet.

Som vedlegg til fråsegna vår legg vi med til dykkar orientering og muleg hjelp eit notat som er utarbeidd i forlaget og som gjeld dei enkeltpunkta i høyringsbrevet som nemnda har bede om. Vi gjer for ordens skuld merksam på at dette notatet ikkje er behandla i styret for Litteraturselskapet.

Helsing

Kari Bjørke (s)
styreleiar
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Vedlegg

Vedlegg

Merknader frå Nynorskgruppa/redaksjonane i Samlaget til dei punkta i høyringsbrevet som nemnda særleg har bede om kommentarar til:

- **Berre -leg, ikkje -lig (endeleg, ikkje endelig).**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Grunngjeving: Det er i tråd med retninga i normeringsarbeidet; at ein går vekk frå dei formene som ligg nærest bokmål og gjer nynorsken tydlegare.

- **Berre -stilling, ikkje -stelling (framstilling, ikkje framstelling).**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Grunngjeving: Det er svært få som bruker det i dag og det er lite brukt i målføre i dag. Det verkar framandt og stift.

- **Valfri *j* i verb som legge/legge og sokje/søke og svake hokjønnsord som bryggje/brygge og enkle/enke.**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Vi er klar over at dette er ei utviding i forhold til dagens rettskriving, men går likevel inn for det fordi ein del av våre forfattarar ikkje bruker -j i desse orda og fordi vi er redde for å miste nynorskbrukarar.

- **Former med diftong blir eineformer i ord som drøyme, høyre og køyre. Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma kjøre.**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Grunngjeving: Det er i tråd med retninga i normeringsarbeidet; at ein går vekk frå dei formene som ligg nærest bokmål og gjer nynorsken tydlegare. Vi går også inn for at forma køyre blir eineform utifrå konsekvens.

- **Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (ramme, danne).**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Grunngjeving: Det er svært få som bruker det i dag og det verkar framandt og stift.

- **Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb (*Dei er presenterte/presentert*). Obligatorisk samsvarbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (*Dei er frosne*). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøyning i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøyning også i svake verb.**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for valfri samsvarbøyning i svake verb og obligatorisk samsvarbøyning i sterke verb. Grunngjeving: Det er få som greier å praktisere samsvarbøyning korrekt i dag og dessutan verkar samsvarbøyning i nokre samanhengar litt tungt og stift. I sterke verb må det vere obligatorisk.

- **Dykk som subjektsform vert jamstilt med *de*. Her har nemnda òg fått innspel om å velje dialektformer som *dokke(r)*, *dåkke(r)* eller *dokk*.**

Nynorskgruppa i Samlaget går imot dette. Dykk blir av mange oppfatta som ei litt arkaisk form som både nynorskbrukarar og forfattarar har problem med å bruke. Men vi har ikkje klart å einast om gode alternativ her, og går derfor inn for å behalde de som subjektsform og dykk som objektsform. Om nemnda finn fram til gode alternativ her er vi likevel opne for det.

- I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye*, saman med klammeformene [*noe(n)*] og [*bare*]. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for å stryke desse formene. Grunngjeving: Det er i tråd med retninga i normeringsarbeidet; at ein går vekk frå dei formene som ligg nærest bokmål og gjer nynorsken tydlegare. Vi gjer likevel eit unntak for skole som vi meiner er så innarbeidd no og då også som fellesnamn på institusjonar, td. høgskolen.

- **Kløyvd infinitiv (*vera/tenkje*) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framlegget som har skapt mest diskusjon til no.**

Nynorskgruppa i Samlaget går imot dette. Grunngjeving: Dei som bruker det i dag kan det og bør ha høve til å bruke det. Sidan både e-mål og a-mål er tillate, bør også kløyvd infinitiv vere det og det vil ikkje forvanske innlæring av nynorsk sidan det kan veljast vekk av dei som ikkje bruker det.

- **I-mål (*sola [soli]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.**

Nynorskgruppa i Samlaget går inn for dette. Grunngjeving: Det er svært få som bruker det i dag og det verkar framandt og stivt.